

Skulesaka i positivt spor

07.06.2012



Høggregruppa i formannskapet, med uskedelingen Gunn Mari Moberg til høgre, Leif Sverre Enes til venstre og Peder Sjo Slettebø i midten og

Saka om rehabilitering av skulen i Uskedalen er inne i eit positivt spor etter det som skjedde under økonomibehandlinga i formannskapet i dag.
Etter eit signal frå Høgre gjekk koalisjonen inn for at arbeidet skal starta i 2014 og dermed ikkje bli ramma av ein investeringsstopp på 2 år fram til 2015. Men både Høgres gruppeleiar Leif Sverre Enes og Venstres Kjell Yri seier til uskedalen.no at dei fram til kommunestyremøtet i neste veke kjem til å arbeide for byggjestart til neste år

Det er dette tidspunktet som det blir operert med i forprosjektet som også vart fremma i formannskapet men utsett.
 Det skjedde etter forslag frå Kjell Yri men mot røysta til ein annan uskedeling - Høgres Gunn Mari Moberg som ville ha behandling no. Yri peika på at saka var for lite ugreidd og at det difor var vanskeleg å ta standpunkt. Til dømes var det ikkje lagt ved teikningar.

Det var Enes som tok opp Uskedalen-skulen ved å varsle at Høgre ville koma attende til denne i kommunestyret og han inviterte dei andre partia til å sette seg ned og drøfta prosjektet. Høgreleiaren streka under tilstanden ved skulen.

Kjell Yri var glad for det positive utspelet og Arbeidarpartiet sin gruppeleiar Arve Opsanger var villig til å diskutere heile sakskomplekset..

Etter dette vart media sendt på gangen og det var utformelle drøftingar i ein halvtimes tid mellom alle partia.

Før det skjedde hadde Kjell Yri mellom anna streka under

at ein måtte tenkja langsiktig og gå inn for strukturendringar både innan skule og omsorg.

- Vi har skular som kan flyttast inn i andre skular utan endringar, opplyste han.

Også Kristeleg Folkepartis Otto Benjaminsson gjekk inn for strukturendringar og var dessutan mellom anna villig til å vurdera konkurranseutsetjing som Høgre er for.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Venstres Kjell Yri (til venstre) har von om byggjestart i 2013. Dei andre er Knut Prestnes (uavhengig) og arbeidarpartiets Arve Opsanger og Aksel Kloster